



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 21.03.2018
Tid: 15:00 – 19:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Stian Torland	Leiar IKT avd.
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Anne Økland	Helse- og sosialsjef

Wenche Tislevoll
Ordfører

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 18/18	Godkjenning av protokoll	
PS 19/18	Søknad om tilskot til Fitjarfestivalen 2018	
PS 20/18	Søknad frå Røde Kors om støtte til kjøp av belte til ATV	
PS 21/18	Budsjettsituasjonen for kontrollutvalet i 2018	
PS 22/18	Oppstartsvedtak kjøp av branntankbil	
PS 23/18	Strømming av politiske møter	
PS 24/18	Ny kalkyle på Tursti Fitjar sentrum - Moahagen	
PS 25/18	Hordfast AS - Aksjeemisjon	
PS 26/18	Meldingar	
PS 27/18	Ymse	

Møtet vart innleia med eigarmøte med SIM. Dagleg leiar Ole Johannes Støle og styreleiar Rune Sandvik i SIM møtte. Dei orienterte om drifta, ny henteordning, status miljøfond, nytt adm.bygg på Heiane og SIM si rolle framover, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Ordinært formannskapsmøte vart sett kl. 16:00.

Nokre av medlemmane har utfordringar med det nye programmet/appen (Fluix) der sakspapir vert sendt til ipaden. IKT leiar vil hjelpe til å få dette på plass.

Innkalling og saksliste godkjent med denne merknaden.

PS 18/18 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP) hadde følgjande spørsmål:
Kvifor er sak 17/18 – Makebytte - fortsatt lukka i protokollen?
Det vart svara på spørsmålet under Ymse.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 19/18 Søknad om tilskot til Fitjarfestivalen 2018

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver kr 50.000 til Fitjarfestivalen 2018. Løyvinga vert teke frå posten for tilleggslyyving.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Formannskapet drøfta saka. Ein ynskjer at representantar frå styret i Fitjarfestivalen kjem på neste møte i formannskapet, og informerer om planane for årets festival.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 20/18 Søknad frå Røde Kors om støtte til kjøp av belte til ATV

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Formannskapet drøfta saka. Det vert sett pris på det gode arbeidet Røde kors gjer.

Formannskapet la føre følgjande felles framlegg til vedtak:

Fitjar kommune støttar Stord/Fitjar Røde kors-Hjelpekorps med kr. 10.000. Summen vert å ta av disposisjonsfondet.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune støttar Stord/Fitjar Røde kors-Hjelpekorps med kr. 10.000. Summen vert å ta av disposisjonsfondet.

PS 21/18 Budsjettsituasjonen for kontrollutvalet i 2018

Framlegg til vedtak:

Formannskapet aukar bevillinga til kontrollutvalet i 2018 med 63 500,- til 642 870,-. Bevillinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka. Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet la føre felles framlegg til tillegg til vedtaket:

Dette er ei eingongsløyving som ikkje kan påreknast vidareført.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet aukar bevillinga til kontrollutvalet i 2018 med 63 500,- til 642 870,-. Bevillinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Dette er ei eingongsløyving som ikkje kan påreknast vidareført.

PS 22/18 Oppstartsvedtak kjøp av branntankbil

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak;

Kommunestyre vedtek oppstart av arbeidet med bygging av branntankbil til Fitjar kommune, i samsvar med saksutgreiing.
Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale med Egenes brannteknikk as, om bygging av branntankbil.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Brannsjef Tore Nesbø svara på spørsmål frå formannskapet.
Formannskapet drøfta saka, m.a. kva tilleggskostnader som kan koma ved kjøp av ein slik bil.

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyre vedtek oppstart av arbeidet med bygging av branntankbil til Fitjar kommune, i samsvar med saksutgreiing.
Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale med Egenes brannteknikk as, om bygging av branntankbil.

PS 23/18 Strømming av politiske møter

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Ass. rådmann Svein Dale Soleng og IKT leiar Stian Torland orienterte om detaljar i saka, og peika på dei største forskjellane mellom tilboda.

Formannskapet drøfta saka, administrasjonen svara på spørsmål.

Rådmann Atle Ternes la føre følgjande framlegg til vedtak:
Saka vert utsett, og vert å vurdera saman med ei eventuell oppgradering av kommunestyresalen, i budsjettprosessen for 2019.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert utsett, og vert å vurdera saman med ei eventuell oppgradering av kommunestyresalen, i budsjettprosessen for 2019.

PS 24/18 Ny kalkyle på Tursti Fitjar sentrum - Moahagen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet løyver ytterlegare kr 150.000 til delprosjekt 1 i 2018.
Delprosjekt 2 vert å koma attende til når det ligg føre nødvendige grunnavtalar.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Rådmann Atle Ternes orienterte om detaljar i kalkylen, og bakgrunnen for auke av løyvinga.

Rådmann Atle Ternes la føre følgjande framlegg til tillegg til første setning i vedtaket:
..... finansiert ved auka låneramme.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet løyver ytterlegare kr 150.000 til delprosjekt 1 i 2018, finansiert ved auka låneramme.

Delprosjekt 2 vert å koma attende til når det ligg føre nødvendige grunnavtalar.

PS 25/18 Hordfast AS - Aksjeemisjon

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune teiknar 5 aksjar a kr 20.000 medrekna overkurs i Hordfast as.

Finansiering, kr 100.000, vert å belasta ubunde investeringsfond.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Sendt på iPad før møtet:

E-post frå Hordfast AS dagsett 19.03.18: Ny informasjon vedk. aksjeemisjon

Formannskapet drøfta saka, og ga positive signal om å kjøpa aksjar i selskapet.

Formannskapet la føre følgjande felles framlegg til tillegg i vedtaket:

Ordførar skal representera kommunen i styrande organ i selskapet.

Formannskapet drøfta om Fitjar skal senda eigen uttale til høyringa om ilandføring av bru. Ein ynskjer å stilla seg bak uttalen som vil koma frå Samarbeidsrådet.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune teiknar 5 aksjar a kr 20.000 medrekna overkurs i Hordfast as.

Finansiering, kr 100.000, vert å belasta ubunde investeringsfond.

Ordførar skal representera kommunen i styrande organ i selskapet.

PS 26/18 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Handsama i møtet:

- Skatteinngangen februar 2018
- Oppfølging arbeidstilsyn brannstasjon
 - Brannsjef Tore Nesbø orienterte om pålegget frå Arbeidstilsynet
- Referat møte Bergensalliansen
 - Rådmannen orienterte
- Oppdatering Håkonar næringspark
 - Sp.mål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP) handsama under ymse
 - Brev frå advokat Wahl-Larsen sendt på iPad før møtet – u.off, jf. Offl. § 23
 - Ordførar og rådmann orienterte om framdrift i fleire saker i Årskog etter sist møte; massebalanse, bossrydding, oppdrettsanlegg Kobbevik & Furuholmen
- Søkna om trafikksikring Breivik-Årskog

Munnlege orienteringar:

Legesenteret og Helserespons

- Helse- og sosialsjef Anne Økland orienterte om ordninga med elektronisk timebestilling

Hamn, jordskifteretten

- Rådmannen orienterte frå møte i jordskifteretten vedk. nausttomtar frå Jakobhus og sørover. Framleis fleire uavklarte grenser.

Fitjarstølane nord – lyt selja heilt eller delvis området som festa, då me ikkje får avtale med ein av bortfestarane.

Fylkesmannen har godkjent vedtaket om restfinansiering og ny garanti for restlån for stiftinga Havnahuset. Ein set i gong med å henta inn tilbod over påske.

Sendt på iPad før møtet:

Notat frå rådmannen: Årsavslutning 2017 – oppdatering

- Rådmannen orienterte om endringane i rekneskapen for 2017. Dette viste eit mindreforbruk på 3 177 933,-.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 27/18 Ymse

Behandling i Formannskapet - 21.03.2018:

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

1. Sak 17/18 i sist møte var Unnateke off. innsyn: Offl. § 23. Eg lurar på kva den juridiske vurderings for å lukke denne saka var. I referatet/protokollen fra møtet er saka fortsatt lukka og unnateke off. innsyn: Offl. § 23. Kva begrunner ein dette med? Kan eg få ei orientering om kva saker som skal lukkes, å kva saker som kanskje litt meir i grenselandet når dei vert lukka?

Svar frå ass. rådmann Svein Dale Soleng:

Spørsmålet kan famna svært vidt. For å avgrense det noko, har administrasjonen velt å redegjere for heimlane for å lukke politiske møter, og nemne nokon konkrete eksempel. Samstundes vert spørsmålet om sak 17/18 besvart.

Møter i folkevalde kommunale organ er opne for alle, jf. kommuneloven § 31 nr. 1. Dersom dørene skal verta lukka, lyt det føreligge eit vedtak frå organet sjølv, med heimel i kommunelova § 31 nr. 2,3,4 eller 5.

Organet har plikt til å lukke saker kor ein har lovbestemt teieplikt (§ 31 2)), og i saker kor det angår ein arbeidstakar sine tenestlege forhold. Eksempel er forvaltningsloven § 13 som definerer taushetsplikt som plikt til «å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om taushetspliktbelagte forhold» og tilsetningsforhold.

Organet har adgang til å lukke møte «når hensynet til personvern krever det» (§31 4)), og «når hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier det» (§31 5). Sistnevnte gjelder typisk forretningsmessige forhold eller kontrollrutiner . Saker som omhandler forhandlinger vil kunne falle inn under forretningsmessige forhold. Dette føl også av offentlegheitslova § 23 – unntaka her har som formål å verne det offentlege sine økonomiske interesser.

Om offentlegheitslova § 23 føl det i «Rettleiar for offentlegheitslova» (s. 139) at «*Dette unntaket vernar om dei privatøkonomiske interessene til organet i forhandlingssituasjonar, og gjeld både ved kjøp og sal og ved avtaleforhandlingar meir generelt*». Vidare føl det at «*Innsyn i opplysningane må såleis medføre fare for at forhandlingsposisjonen eller den strategiske stillinga til organet i den aktuelle saka eller i framtidige saker blir svekt, slik at kostnadene blir større eller vinsten mindre*».

Sak 17/18 var unnateke fordi kommunen var i ein forhandlingsposisjon med ein privat aktør. Dersom denne typen saker vert handsama opent, kan det medføre at kommunen sin forhandlingsposisjonen vert svekka, for eksempel vet at rådmannens forhandlingsramme, marknadsvurdering eller betalingsvilje vert avslørt.

Saker som vert lukka vert ikkje seinare «opna» under politisk handsaming. Dei seinare dokumenta i saken vil kunne ende opp som offentlege når dei er ferdig forhandla, for eksempel i form av ein ferdig signert kontrakt mellom kommunen og kjøpar/seljar.

2. Appen helserespons har ein kostnad på SMS. Eg etterlyste litt rundt dette sist møte, har dette vert sjekka opp i?

Helse- og sosialsjef Anne Økland har vore i kontakt med HelseRespons SMS. Dei skal ha rettssak i mai som gjeld tolkingsspørsmål av ein lisens. Fitjar kommune held førebels fram med bruk av systemet.

3. Korleis er legesituasjonen i kommunen no? Kan det orienteres om dette?

Helse- og sosialsjef Anne Økland orienterte at me no har 3 legar på plass, av desse ei kvinne.

4. Media fortel at det har vert samtaler angående biogassanlegg i Fitjar. Kan ordfører orientere om dette?

Ordfører orienterte om at ho har vore i kontakt med Sunnhordland naturgass v/Jan Kåre Pedersen om eventuelt samarbeid og etablering, Fitjar har tilbode fleire løysingar.

5. Har det blitt ryddigere i Årskog som følge av oppfordringa fra kommunen til å rydde søppel på tomtene der ute?

Ordfører orienterte om status i saka. Ordfører og Tore hadde synfaring 7. mars. Det er fortsatt mykje rot og uorden i området, kommunen må også rydda på sitt område. Avdekka 'bossplass' på eit område, som må fjernast.

Spørsmål frå representanten Agnar Aarskog (AP):

Er abonnement for politikarane på Kommunal rapport avslutta? Dette er ynskjeleg å fortsetja med, evt digital løysing.

Ass. rådmann Svein Dale Soleng sjekkar opp i dette.